

Sinnes skule - utbetring/renovering/utbygging/ombygging

Skulen vart bygd i 1975, og har vore bygd på to gonger etter den tid, og symjebassenget har blitt renovert etter skader seinast i 2013. Likevel er det mykje som "blør", og som har vore påpeikt av tilsette, rektor og medlem av hovudutval for oppvekst og levekår med jamne mellomrom. Ved høve har bygg og eigedom renovert eit rom her og der, men det er framleis mykje som gjenstår, og nå har me behov for å sjå dette i samanheng. Det ende med at det i rådmannen sitt forslag til budsjett/økonomiplan låg inne "Forprosjekt innvendig rehabilitering/rassikring bibliotek 200.000 kr." i vedlikehaldsplanen, og dette vart vedtatt. Nå har tilsette på Sinnes skule gått gjennom bygget med tanke på renovering, men biletdøme er ikkje fullstendige, for her er mykje meir å ta tak i. Noko kan virka som småting, men det fører til dagleg frustrasjon og mistrivsel, og kan òg føra til at små og store ikkje bryr seg så mykje om arbeidsstaden sin, slik at det kan føra til fleire skader og ev. hærverk.

Skulen bør vurderast som heilskap med tanke på større inngrep i høve til:

1. Plassering av kontor/arbeidsrom ved hovudinngang
2. Grupperom for elevar
3. Møterom
4. Arbeidsrom for lærarar som nå ikkje oppfyller minstekrav til plass
5. Garderobetilhøve for tilsette som nå oppfyller krav, jf. arbeidsmiljølova
6. Snørås frå tak vinterstid
7. Mykje slitasje/øydelegging på bygget
8. Manglande solskjerming

1. Plassering av kontor/arbeidsrom ved hovudinngang

Per i dag er kontor og arbeidsrom for lærarane plasserte lengst inn og opp i bygningsmassen. Det er vanskeleg for ukjende å finna fram, og det er vanskeleg å halda oversikt over om uvedkommande kjem seg inn i skulebygget. Med tanke på risikovurdering i forhold til ein trusselsituasjon er plasseringa av kontor/arbeidsrom dårleg. Arbeidsrommet oppfyller heller ikkje krav til storleik (sjå pkt. 4).

Rektor sitt kontor var opprinneleg eit lager, har skråtak og takhøgde under 2.20 m (som er minstekrav til takhøgde på kontorplass). Kontoret er òg utsett for **støy** når vifter blir nytta på skulekjøkkenet. Kontoret framstår som ueigna.

Arbeidsplassforskriften: § 4-4. Krav til det fysiske arbeidsmiljøet

(1) Fysiske arbeidsmiljøfaktorer som bygnings- og utstyrmessige forhold, **inneklimate**, lysforhold, **støy**, stråling o.l. skal være fullt forsvarlig ut fra hensynet til arbeidstakernes helse, miljø, sikkerhet og velferd.

2. Grupperom for elevar

I dag har skulen eitt grupperom til disposisjon. Dette er i mange tilfelle for lite (både storleik og mengd, og plassert i andre enden av skulebygget enn der t.d. småskulen har sine klasserom). Våre arbeidsmåtar og inndelingar (elevar med spesialundervising, samtalerom for elevsamtalar, øvingsrom for framføringar osv.) krev at me i alle fall har eitt til grupperom til kvart trinn, dvs. at me treng to grupperom til, og dei må vera plasserte nær aktuelle klasserom/trinn .

Om grupperommet og helsesøsterkontoret vert brukt til foreldrekonferanse, kan alle som går forbi, høyra kva som blir sagt, for det er veldig lytt. Det er ugreitt i høve til teieplikta. Me har òg hatt vanskar med å finna eit rom der t.d. PPT kan ta testar av elevar utan å bli forstyrra av støy og andre uromoment.

3. Møterom

Skulen har ikkje møterom. Dei fleste møte føregår på rektor sitt kontor, som ofte blir for lite og tett under skråtak, eller på pauserommet til lærarane. Når pauserommet er oppteke til møte, har ikkje dei tilsette tilgang til pause-/eterom.

Arbeidsplassforskriften: § 3-5. Spiserom

Virksomheten skal normalt ha spiserom eller tilgang til tilfredsstillende lokaler utenom virksomheten.

Spiserom skal være så stort at det gir tilfredsstillende plass til det største antall arbeidstakere som skal spise samtidig.

Spiserom skal være hensiktsmessig innredet, og om nødvendig slik at arbeidstakerne kan tilberede måltider der.


4. Arbeidsrom for lærarar

Arbeidsrommet til lærarane fyller ikkje krav til storleik på arbeidsplass. Det er åtte-ni lærarar som har felles arbeidsrom, og det er ikkje telefonrom/usjenert plass til konfidensielle samtalar på bygget. Rommet har skråtak og for lite areal. Det er ikkje tenkt universell utforming, og har berre trapp opp til andre etasje, så med tanke på ev. utføre, er ikkje rommet tilgjengeleg.

Krav jf. vedlegg 1 (Krev din plass) og telefonsamtale arbeidstilsynet:

Golvareal på minst 6 km², takhøgda skal ikkje vera mindre enn 2.2 m, bør vera 2.7m. Du skal kunna jobba uforstyrra og konsentrert.

Lærarane som har arbeidsplass under skråtaket, må bøya seg for å koma bak til arbeidsplassen sin.



5. Garderobetilhøve for tilsette

Garderoben for tilsette er ein korridor knytta til skulekjøkken, sløydsal og kjølerom, og har elevane sin vasstank plassert rett utanfor lærartoaletta i denne gangen. Garderoben har ingen skap som kan låsast, og er iskald om vinteren.

Arbeidsplassforskriften: § 3-4. *Garderobe*

Arbeidsplasser skal normalt ha atskilte garderober for kvinner og menn.

Hver arbeidstaker skal ha tilstrekkelig plass for opphengning av tøy o.l.

Dersom forholdene gjør det nødvendig skal det være atskilte skap for arbeidstøy og privat tøy.

Garderobene skal gi arbeidstakerne mulighet for **å låse inn tøyet sitt i arbeidstiden**, og der det er nødvendig skal det i tillegg være låsbare avlukker for å sikre mot tap av verdisaker.

Arbeidstakeren skal ha **tilstrekkelig plass til å skifte**.



Garderobe skal ha speil og nødvendig antall sitteplasser for skifte av klær og skotøy.

Garderobe skal ha **tilfredsstillende ventilasjon**.

Slik ser garderoben ut i dag:

- knaggar for tøy. Til høgre forbi knaggane er inngang til sløydsal, skulekjøkken og personalrom.

Til venstre (utanfor biletet) er inngang til kjøla der elevane hentar skulemjølka, og drikkefonten til elevane
- golvbelegg med sprekker



6. Snørås frå tak vinterstid

Det har gjennom veldig mange år vore diskutert kva ein gjer med takras. Det har vore ei ulykke med vaktmeister, som heldigvis ende bra, men me er redde for at det skal skje ulykker der elevane er involverte i forhold til takras. Det har vore rett før nokon gonger.

Det er sett inn ei dør i ein endevegg som nødløysing når andre inngangar er stengde pga. rasfare, men dette hjelper ikkje på problem med takras i friminutt og før/etter skuletid. Samstundes fungerer ein slik fellesinngang dårleg. Alle elevane skal inn same inngang, som er eit lagerrom, gjennom eit klasserom, gjennom garderoben til ungdomsskulen, gjennom gang til klasseromma, ev.

gjennom gang til mellomtrinnet før småskulen kjem til eigen gang. Det blir mykje snø/slaps/vått på golvområdet som må passerast. Det vil òg medføra at undervisinga vil koma seinare i gang i det aktuelle klasserommet som blir brukt som gjennomfartsgang på veg inn.

Risikovurdering pkt. 14 - takras: Kan opptre personskade ved takras, blir risikovurdert som svært kritisk, svært sannsynleg og høg risikograd.

7. Mykje slitasje/øydelegging på bygg

Skulekjøkken:

- for lite rom for større grupper elevar (over seks), jf. Vedlegg (Krav og retningslinjer for å ivareta barns arbeidsmiljø i skoler og barnehager m.v.) og Kap. 9a i pplæringslova
- uferdig i høve til dører, lister og vindauge
- skiten ventilasjon (reinhaldsrutinar), spor etter lekkasje i tak, ikkje tett bak vaskar (renn vatn bak).



- under ein av vaskane




- spor etter lekkasjar i takplater



- golvbelegg som "flassar" ser flekkete ut



Kjøkkenet ber preg av småutbetringar og verkar uferdig med t.d. ulike fargar på karmar til dører/vindauge.



Skulen har ikkje rom for kantinedrift eller eteplassar til elevane. Dette er eit hinder for t.d. elevbedrift som praktisk valfag, og om det ev. kjem ordningar med varm/kald skulemat servert på skulen.

Me har elevar på skulen med cøliaki, og då treng dei ein skjerma plass å arbeida på når dei skal ha heimkunnskap på mellomtrinnet og ungdomsskuletrinnet. Det bør òg vera ein vaskemaskin for å kunna vaska kopphandkle og oppvaskklutar. Nå vert dei vaska saman med golvfiller og støvfiller.

Ungdomsskulerommet:

- ikkje solskjerming
- for små og ikkje lystette gardin
- problem med å sjå kva som blir vist frå prosjektor
- lærar(ar) vert blenda av skarpt lys/sol
- blir for varmt når det er sol
- "tett" luft på slutten av dagen, og ein elev har stadig hovudverk, som ein ikkje finn medisinske årsaker til
- mange lause leidningar (til elev-PC-ar), fare for snubling og at ein dreg ned PC
- ved takras legg snøen seg i periodar inn mot vindauga og pressar på glaset

- ved takras legg snøen seg i periodar opp utanfor vindaugget og hindrar dagslys i å koma inn

Generell slitasje/øydelagde objekt:

Guttegarderobe:

- spor etter vass-/dampskader i tak m.m.



- misfarga fliser - ser skitne ut



Gang inn til symjehall:





Jentegarderobe:

I jentegarderoben er det same problem som i guttegarderoben, sjå over, samstundes som det med jamne mellomrom verkar som slukane er tette, slik at vatnet står i 3-4 cm høgt på golvet.

Lærargarderobar - både dame og herre:

- luktar fukt (mugg) pga. dårleg ventilering

Hovudinngang:

- golvbelegg som er flekkete, sjølv om det er nyvaska, og har sprekker
- hol i veggane



- elevdo med dører som er vanskelege å lukka når ein ikkje låser dei frå innsida, og opne dodører er det første som møter besøkjande/gjester. Det er ikkje så

kjekt for elevane å gå på do midt i inngangspartiet heller...

- manglar universell utforming, dvs. har for høge dørtersklar, noko som gjeld for heile bygget, og manglar rullestolrampe. Me har berre ei varerampe.
- ei trapp ender rett i veggen...

Gymsal:

Gymsalen manglar blending framføre vindauga. Ved konsertar og opptreden frå Den kulturelle skulesekken og Rikskonsertane er det ofte ynskje om blending. Dette er ikkje mogleg i dag. Ved morgonsamlingar (første måndag kvar månad) nyttar me prosjektor, og då er det naudsynt med blending store delar av året. Det same er tilfelle ved andre arrangement, som t.d. 17. mai og avslutningsfest for 10.-klassingane og deira foreldre/føresette.

På vegg ute i skulegarden:



Sløydsal:

- plassert i kjellar med små vindauge
- treng betre avsug for støv/trestøv
- skjerming av bandsag - er plassert utan skjerming i ope rom der elevane jobbar
- pussemaskin - har avsug, men det blir mykje svevestøv i rommet

Personalrom:

- kjøkkeninnreiinga er nedslitt
- kjøkkenbenken har trekt fukt frå oppvaskmaskinen, er nedslitt og ser aldri rein ut
- det trekkjer få dei gamle vindauga

Dører, vindauge og dørtersklar

- nokre dører er skifta dei siste fem åra, andre ikkje, og det trekk frå gamle vindauge når det bles/er kaldt
- vindauge som er skifta, er ikkje malte innvendig
- det trekkjer frå inngangsdør ved vaktmeisterkontor inn til klasserom

- nokre dører let seg ikkje låsa opp av enkelte nøklar
- dørkarmar er nedslitne og oppskrapa, jf. bilete s. 3
- dørtersklar er nedslitne

8. Solskjerming på alle rom

Solskjerming manglar i ungdomsskulerom, naturfagrom og på rektor sitt kontor

Verneombod ber om at det blir presisert at ho ynskjer snarleg tilbakemelding på om **kva** som vert gjort og **når** noko vert gjort med dei lovpålagde sakene, jf. pkt. 4 og 5.

Arbeidsplassføreskrifta det er vist til, er henta på www.lovdata.no 18.04.2016